

Fra: Marit Nedreli
Sendt: fredag 1. november 2019 09:38
Til: 'Alf Hansen'
Emne: SV: 62/14 - gjeld tiltak - sakID 19/1331

Hei

Utsnitt frå foto/teikning motteke 27.05.2019:



Innsetjing av dør der det er eit vindauga og innsetjing av nytt vindauga er fasadeendringar.

Innanfor verneområde kan eksisterande bygg setjast i stand ved å nytta same målestokk, takform, fasadar, inndeling av vindauga, utforming av dører og vindauga, og materialbruk som i opphavelag bygg, jf. reguleringsføresegn § 9, nr. 9.2.2.

Kommunen vurderer at fasadeendringa som er synt på motteke foto/teikning er i strid med reguleringsføresegn § 9 nr. 9.2.2, sidan teikningane syner at det ikkje er nytta/skal nyttast same fasadar og inndeling av vindauga som tidlegare.

Det er dermed krav om dispensasjon for fasadeendringar, oppføring av tak og skiljevegg.

Meir informasjon om dispensasjon og skjema ligg på nettsida til Osterøy kommune <https://www.osteroy.kommune.no/siteassets/innhald/plan-bygg-og-eigedom/informasjonogskjema-dispensasjonsoknad.pdf> .

Når det gjeld eigedomsgrenser er det ikkje nok at eigar av gnr. 62, bnr. 14 sender inn teikningar av kvar grensene skal gå. Det må liggje ved signatur frå eigarar av gnr. 62, bnr. 1, 15, 16 og 52, som stadfestar at alle er einige om kvar grensene går.

Med venleg helsing

Marit Nedreli
Rådgevar

T / 56 19 21 00

E / post@osteroy.kommune.no W / www.osteroy.kommune.no

Osterøy kommune - Geitaryggen 8 - 5282 Lonevåg. Org. nr.: 864 338 712

Fra: Alf Hansen <alf.hansen@icloud.com>
Sendt: torsdag 31. oktober 2019 20:02
Til: Marit Nedreli <Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no>
Emne: Re: 62/14 - gjeld tiltak - sakID 19/1331

Hei

Takk for svar.

Det er rett at vi ikke har søkt om dispensasjon .

Vi har vel ikke nok kjennskap til prosedyrene i dette. Men da oppfatter jeg dette med skråtak blir oppfattet som fasadeforandring, og dette må søkes om dispensasjon for å få nødvendig godkjenning.

Er det spesielle skjema for dette, og spesifiserte krav til en slik søknad?

Jeg oppfattet det også da slik at det med eiendomsgrensen i forhold til skillevegg er OK
Alf

Sendt fra min iPhone

29. okt. 2019 kl. 08:38 skrev Marit Nedreli <Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no>:

Hei

Kommunen syner til e-post med vedlegg motteke 23.10.2019.

Det er i e-posten mellom anna synt til at det er søkt om oppføring av skråtak og forlenging av uteplass.

Kommunen har per dags dato ikkje motteke søknad om løyve til tiltak for desse to tiltaka, jf. plan- og bygningslova § 20-1.

Kommunen har heller ikkje motteke søknad om dispensasjon for endra fasade med meir, jf. brev av 03.10.2019 frå Osterøy kommune.

Kommunen opprettheld brev av 03.10.2019 om ulovleg tiltak og krav om tilbakeføring.

Endra frist for merknader og retting vert sett til 29.11.2019.

Med venleg helsing

Marit Nedreli
Rådgjevar

<image001.jpg>

T / 56 19 21 00

E / post@osteroy.kommune.no W / www.osteroy.kommune.no

Osterøy kommune - Geitaryggen 8 - 5282 Lonevåg. Org. nr.: 864 338 712
